

Statsbudsjettet 2017 Kap 1429 Post 70 – Bevaringsprogram for  
utvalgte arkeologiske kulturminne (BARK)

Rapportering 2017  
Hordaland fylkeskommune

## INNHALD

Fosnstraumen, Austrheim kommune og Radøy kommune	Fleire ID-nr .....	2
Hæreidsmoen, Eidfjord kommune	ID 110228 .....	5
Vindenes, Fjell kommune	ID 64065 m.fl .....	9
Hystadmarkjo, Stord kommune	ID 66745 m.fl .....	10
Årbakka, Tysnes kommune	ID 35534 .....	12
Kulturminne i Leirvik, Meland kommune	ID 108033 m.fl .....	13
Bygdebord på Børshovda, Sveio kommune	ID 106039.....	14
Kulturminne på Istertveit, Sveio kommune	ID 106073 .....	14
Håkonshaugen, Lindås kommune	ID 66400.....	15
Sokkamyro, Bømlo kommune	ID 66745.....	16
Gildeskålbakken, Stord kommune	ID 60597 .....	17
Kvalvågen/Skaganeset, Sund kommune	ID 97070 m.fl .....	18
Tilrettelegging Ruskeneshellaren, Bergen	ID 25782.....	19
Tilrettelegging Kongshaugen på Hop	ID 91779.....	19
Tilrettelegging Kolltveit	ID 127360 m.fl.....	19
Oppsummering .....		20

BARK	Tiltak	Prosjektkostnad	Tilskot	Utbetalt	Rest
2015	Skjøtsel, skilt, plan	220.000,-	110.000,-	0,-	110.000,-
2016				0,-	110.000,-
2017				51.266,9,-	58.733,1,-
<b>Utbetaling av kr 51.266,90,-. Rest av tilskot vert søkt overført til 2018.</b>					

Den opphavlege søknaden sikta mot å skifta ut alle dei gamle skilta i tilrettelegginga, men ikkje å gjera nokon andre endringar. Etter søknad om omdisponering vart det avgjort å endra dette til to hovudskilt, som skulle kombinerast med digital formidling. Austrheim og Radøy har søkt om og fått tildelt andre midlar til å laga ein formidlingsfilm som skal nyttast i samanheng med den ordinære skiltformidlinga. Innspelninga av denne filmen har difor ført til noko forseinking i arbeidet med skilta, då ein ynskte å nytta mykje av det same innhaldet. Filmen vart innspelt i august 2017, og arbeidet med skilta tok til like etter. Det ligg føre utkast til skilt, som vil verte ferdigstilt så snøgt det ligg føre informasjon om friluftstilbod som er relevant å ha på oversiktskart på skiltet. Skiltstativa er bestilt.




Foto: Lena Eikeland Kutchera

I budsjettet i den opphavlege søknaden var det sett av midlar til reparasjon av lavvo for formidling. Denne lavvoen var satt opp på Ramsvikneset i Radøy med midlertidig løyve. I 2017 var det tydeleg at lavvoen hadde trong til omfattande reparasjon, og at staden ikkje lenger vart nytta til formidling på same måten. Hordaland fylkeskommune og Radøy kommune avgjorde i samråd at lavvoen skulle fjernast. Radøy kommune har sytt for at lavvoen vart fjerna frå området sumaren 2017. I staden for er det sett opp reisverk i hassel til ei mindre hytte som er nytta som kulisser i formidlingsfilmen.



Klopp og stiarmering på Rappeneset. Foto: HFK

Austrheim og Radøy kommune har gjort omfattande arbeid med opprusting av turstiane i 2017. Det er innhenta grunneigarløyve frå alle grunneigarane, og i Austrheim er det arbeidd vidare med mål om statleg oppkjøp av området. På Rappeneset på Radøysida av straumen er det òg gjort omfattande skjøtsel i samband med prosjektet. Hordaland fylkeskommune sin tidsbruk på dette er ikkje rapportert då tiltaket ikkje var nemnd i søknaden. Det er no satt opp gjerde og området er nytta til beite for villsau.

Skilt skal ferdigstillast i 2017, og for 2018 er det planar om vidare arbeid med tilrettelegging av stiar, og vidare arbeid med mindre skilt (A3 eller A4) som skal nyttast i samanheng med filmen. Radøy kommune arbeidar med å få til kurs i lyngbrenning på Rappeneset for å sikra godt beite slik at vedlikehald av skjøtsel på lokalitetane kan skje gjennom beite.

<b>Eigeninnsats 2015-2017</b>				
<b>2015</b>	<b>Radøy kommune</b>	<b>Austrheim kommune</b>	<b>HFK,-</b>	<b>SUM eigenandel</b>
Reise			1310,25	<b>124.928,83,-</b>
Admin	2825,85,- (7,5t)	3750,- (7,5t)	5250,- (7,5t)	
Skjøtselsplan			52.500,- (7t)	
Synfaring/møter	4144,58,- (11t)	21.500,- (43t)	27.650,- (39,5t)	
Skinn til lavvo	6000,-			
SUM 2015	<b>12.968,58</b>	<b>25.250,-</b>	<b>86710,25</b>	
<b>2016</b>				
Møter	2400,- (6t)	2400,- (6t)	HFK eigeninnsats stort sett knytt til kontrollreg. og difor ikkje rapportert.	<b>13.200,-</b>
Admin	2000,- (5t)	1600,- (4t)		
Reise	1200,- (3t)	1600,- (4t)		
Synfaring		2000,- (5t)		
SUM 2016	<b>5600,-</b>	<b>7600,-</b>		
<b>2017</b>				
Møte/synfaring	3200,-	8000,-		<b>24.200,-</b>
Skjøtsel/tilrettelegging	7000,-			
Reise		2000,-		
Admin	10.000,-	5000,-		
Layout skilt			7000,-	
SUM 2017	<b>2200,-</b>	<b>15.000,-</b>	<b>7000,-</b>	
SUM eigeninnsats 2015-2017				<b>162.328,83,-</b>

Tekst til skilt er utarbeidd av Universitetsmuseet i Bergen.

<b>Utgifter og finansiering</b>						
	Eigeninnsats Radøy k.	Eigeninnsats Austrheim k.	Eigeninnsats HFK	BARK 2017	Forskot BARK	SUM
Tilrettelegging sti Rappeneset				3954,40,-		3954,40,-
Illustrasjoner				1062,50,-		1062,50,-
Reise*	1200,-	3600,-	1310,25			6110,25,-
Skinns steinalderlavvo	6000,-					6000,-
Admin*	14.825,85,-	10.350,-	5250,-			30.425,85,-
Møter/synfaring	9744,58,-	33.900,-	27.650,-			71.294,58,-
Skjøtselsplan*			52.500,-			52.500,-
Layout skilt			7000,-			7000,-
Materiell klopper Austrheim						
Hovedskilt og skiltstativ					46.250,-	46.250,-
Småskilt/formidling						
Tilrettelegging sti Radøy						
Tilrettelegging av sti Austrheim		15.000,-				15.000,-
<b>SUM</b>	<b>31.770,43,-</b>	<b>62.850,-</b>	<b>93.710,25,-</b>	<b>5016,9,-</b>	<b>46.250,-</b>	<b>239.597,58,-</b>
<b>SUM BARK</b>				<b>51.266,9,-</b>		

\* Tal frå rapport om årleg eigeninnsats, samla for 2015-2017.

### Konklusjon

Kommunane ber om utbetaling av kr 51.266,9,- derav kr 46.250,- i forskot til skilt og skiltstativ. Dei ber om at rest av tilskot – kr 58.733,- – vert ført over til 2018. At del av tilskotet vert bedt utbetalt som forskot er grunna at skilta er bestilt og i produksjon men enda ikkje fakturert ved rapporteringstidspunkt.


BARK	Tiltak	Prosjektkostnad	Tilskot	Utbetalt	Rest
2015	Skjøtsel, tilrettelegging	421.000,-	150.000,-	0,-	150.000,-
2016				23.100,-	126.900,-
2017				98.564,-	28.336,-

**Utbetaling av kr 98.564,-. Ber om at rest av tilskot, kr 28.336,-, vert overført til 2018.**



Det er gjennomført omfattande vegetasjonssjøtsel i 2017. Det er rydda mykje undervegetasjon i området, tynna skog, fjerna einstape og einer, med meir. Hogstutstyr som er naudsynt å ha inne på lokaliteten er flytta til eit meir eigna område i utkanten av lokaliteten der det ikkje er registrert gravminne. Det er gjennomført rydding av gammalt hogstavfall i traseen til kraftlinja, og det er rydda i traseen til kraftlinja slik at det no er ope her. Det er sett opp 11 retningskilt som viser rundtur frå sentrum via Hæreidsmoen. Dette er gjort for å styra turiststraumen og redusera ulempa for grunneigarane. Det er bestilt benkar som vert levert i 2018. Ein av desse benkane skal stå inne på kulturminneområdet, dette er avklart med Riksantikvaren. Det skal òg plasserast eit skilt inne på lokaliteten.



Ei av dei mest synlege gravrøysene etter skjøtsel. Foto: HFK



# HÆREIDSMOEN - GRAVFELT FRÅ JERNALDER





### Iron age burial field

At Hæreid we can follow traces of human activity all the way back to the iron age, i.e. to between 1000 and 2500 years ago. The oldest traces are ancient fields, but the most visible and numerous traces of the past are in the form of graves. These are situated on a terrace and divided into two burial fields. Around 400 graves are preserved today, but they probably covered most of the terrace at one time. Some of the graves are large and easy to spot. They are round or oblong mounds or cairns, sometimes with a border of larger stones. Most of the graves are small and barely visible. This is the largest iron age burial ground in western Norway. The finds are from 500-1000 AD, and include brooches and broken pots, pearls, axes, arrowheads, remains of a sword, a bronze brooch and remains of a shield. Other finds that have since been lost include a gold ring, sword and axe, and two bronze helmets.

The terrace was probably a common burial ground for the farms in this area. One theory is that this area was important because of its connection to travel routes between eastern and western Norway. The resources in the mountains were also important for the farms in this area.

Hæreid & Eidfjord is the only place in western Norway where you can see a large number of ancient fields. The terrace was probably a common burial ground for the farms in this area. One theory is that this area was important because of its connection to travel routes between eastern and western Norway. The resources in the mountains were also important for the farms in this area.





### HÆREID

Ein kan følgja sporar etter folk på Hæreid attende til jernalderen, mellom 1000 og 2500 år sidan. Dei eldste funn er gamle åkerlag frå eldre jernalder. Dei mest synlege spor frå jernalderen er gravene, og på terrassen er det lågt bevert. Meirere 400 graver. Truleg var heile terrassen ein gang hoit dekkd av gravar, såg og dót det på to gravfelt. Sjølv om Hæreidsmoen i sør, Hæreidsmoen er det største bevarte gravfeltet frå jernalderen på Vestlandet. Her er langt fleire gravar enn kva som er vertisk å finna samla. Det er fleire teoriar om kva som er årsaka til dette. Nokon meiner Eidfjord var ein handelsstad og folk samla for å nytta ressursane i området. Andre meiner det var gravskildan som var årsaka her, at feltet var i bruk over lang tid, eller at gravfeltet berre er bevarde berre andre stader. Kan hende var Hæreid ein felles gravplass for eit større område? Den bratte fjellslått over Hæreidsmoen er markert og dromskilt, og kan hende var særmerket med landskapsviktig for at gravfeltet var lagt akkurat her?

### FUNNA

Dei fleste funn er komme fram tilfeldig ved jordarbeid, og spenner frå 400 - 500-talet og fram mot 1000. Knivskåror og brenn kan daterast til folkvandringsstid, men dei fleste funn er frå yngre jernalder. Mellom desse finn glassperler, øxar og glassbeiser, restar av eit sverd, ei bronsespenne, eit bekkel, kokkjar av kløberstein, ei stakspenne og restar av eit skjold. Det har og vorte funne ein gullring, ei messingpletter frå eldre jernalder, lokkar, pilspissar, sverd og øks. Desse funn vart gjort før forminnelvika kom, og har sidan gått tapt.





### EIDFJORD I JERNALDEREN

Eidfjord må ha vore ei rik bygd i romertid og folkevandringsstid. På Lægstad er det funne spor av eit stort garbunnteg frå denne perioden. Hovudet på garden var minst 50 meter langt og hadde ein tilhørende verkstadsbygging som var omkring 30 meter lang. Tett ved garden låg eit felt med kokkjarer, og kring garden låg det fleire gravminne. På Hæreid er det ikkje funne spor etter busetjing, men her er heller ikkje gjort systematiske undersøkingar.

### GRAVENE

Nokre av røyane på gravfeltet er godt synlege, medan andre er små, lågt og vanskeleg å sjå. Nokre av dei største røyane har følgde av større steinar kring seg. Her er både tørr røyne av berne stein og røyne og haugar av bløtt jord og stein. Dei fleste er runde, medan nokre er ovale eller ovalar. I tillegg til dei synlege røyane må ein rekna med at her er gravar under bakken som ikkje har synleg markering på overflata, samt mange andre strukturar som kokkjarer, støttesten og andre spor av røyne knytt til gravleggjane.



### NOTESTAD MELLOM AUST OG VEST

I saga om Håkon Jarl er det ei skildring om kongen Harald Gråfell fekk tilvaremt sitt d. det kom eit hærskip frå Island Laeta med skinnfellar. Dette gikk føre seg i Hordaland der kongen og barna hans ofte sat, og islandsingane hadde hørt at det var her det var moat folk samla. At kongen sjølv holdt seg i Hordaland er også velkjent i saga om Olav Trygvasson. Kvær i Hordaland dette gikk føre seg kan me ikkje vita sikkert, men kan Eidfjord, som må ha vore ein handelsstad mellom aust og vest, ha vore denne staden? Opå i Øvre Eidfjord har det vore svært mange graver frå jernalderen, truleg godt over 100. Hele dette området kan sjåvis som ein lekk mellom Hordaland og Hordalandsfjorden. Slik sett er hypotesa om Eidfjord som samling- og handelsstad ein nærliggjande tanke.

Nytt skilt for gravfeltet. Det er produsert tre slike skilt som skal setjast opp på ulike stader langs den merka rundløypa.



Foto: HFK

Foto til venstre viser før og etter rydding på gbnr 25/4. Trass i at dette området vert beita med sau, var det grunna for lite beitepress komme opp mykje einer og små furutre. Sjølv om det framleis står att ein del arbeid er dei delane av gravfeltet som ligg nærast vegen og difor er viktigast i høve til formidling no rydda for einer, og framstår som ein open bjørkehage. Det same er tilfellet med store delar av lokaliteten.



Det står framleis att arbeid knytt til skjøtsel, og mellom anna må det takast ut meir skog, det må tynnast meire, og det må gjerast tiltak for å fjerna einstape.

Foto: HFK

Eigeninnsats Hordaland fylkeskommune 2017		
	Lønnskostnader	Reise
Layout skilt	7000,-	
Tekst skilt	5000,-	
Skjøtsel 3.3.2017	16.800,- (2pers x 12t á 700)	2757,-
Synfaring 2.6.2017	5.600,- (8t á 700)	1707,-
	<b>34.400,-</b>	<b>4464,-</b>
<b>SUM</b>	<b>38.864,-</b>	

Eidfjord kommune 2017	
Skilt og skiltstativ	25.111,-
Admin (møter, kontakt, osv.	10.500,-
Forarbeid bestilling kulturminneskilt	1200,-
<b>SUM</b>	<b>36.811,-</b>

For detaljar om eigeninnsats 2015 og 2016, sjå rapport frå 2016. For detaljar kring skjøtelsarbeid, sjå vedlagt rapport frå Eidfjord kommune.

Finansiering	Eigeninnsats Eidfjord kommune	Eigeninnsats HFK	BARK 2016	BARK 2017	SUM
Skjøtsel 2015			5000,-*		
Skjøtsel 2016			11.700,-*		102.775,-
Skjøtsel 2017		16.800,-		69.275	
Forarbeid skilt	1200,-	5250,-			6450,-
Skilt	12.311,-		6400,-*	29.289,-	48.000,-
Admin (møter, kontakt, m.m.)**	48.000,-	11.550,-			59.550,-
Layout		7000,-			7000,-
Tekst		5000,-			5000,-
Reise**		7500,6,-			7500,6,-
Synfaring**	3600,-	11.900,-			15.500,-
Retningsskilt	7000,-				7000,-
Foto til skilt	500,-				500,-
Forarbeid retningskilt	3000,-				3000,-
<b>SUM</b>	<b>75.611,-</b>	<b>65.000,6,-</b>	<b>121.664,-</b>		<b>262.275,6,-</b>

\* I 2016 vart det utbetalt kr 23.100,- for å dekkja skjøtsel i 2015 og 2016. Ved ein feil vart denne summen gjort for stor, og restsum kr 6400,- vart ståande på konto hjå Eidfjord kommune som forskot jamfør rapport frå 2016. I 2017 er denne summen, kr 6400,-, nytta til å dekkja del av utgiftene til skilt.

\*\* Samla tal frå rapportering 2015 til 2017



## Konklusjon

Eidfjord kommune har gjort godt greie for framdrift og økonomi i prosjektet. Eidfjord kommune ber om utbetaling av kr 98.564,-. Rest av BARK tilskot – kr 28.336,- bes overført til 2018. Rest av tilskot skal nyttast til vidare arbeid med skjøtsel i 2018.



Den største gravrøysa på feltet før og etter skjøtsel. Det skal tynnast meir skog i området i 2018.  
Foto: HFK



Vegetasjonskapp etter linjerydding hadde lenge dekkta fleire gravrøyser. Kappet vart fjerna mars 2017 av kraftselskapet og Hordaland fylkeskommune. Foto: HFK

BARK	Tiltak	Prosjektkostnad	Tilskot	Utbetalt	Rest
2015	Skjøtsel, skilt, plan	65.000,-	10.000,-	0,-	<del>10.000,-</del>
2016	Skjøtsel, skilt	75.000,-	20.000,-	0,-	20.000,-
2017 RA- tilskot	Skjøtsel	Søknad sendt direkte til Riksantikvaren	110.000,-	0,-	110.000,-
<b>Tilskot for 2015 er utbetalt. Fjell kommune ynskjer</b>					

Fjell kommune fekk i 2017 løyve frå Riksantikvaren til å søkja direkte til Riksantikvaren om tilskot gjennom BARK. Fjell kommune fekk tildelt kr 110.000,- i tilskot til skjøtsel av Høybøen. Fjell kommune ynskjer å rapportera samla om prosjekta knytt til kulturminna i området, og har skrive ein samla rapport om tiltaket der Hordaland fylkeskommune er bedt om å vidareformidla rapporteringa for alle tilskot gjennom BARK til Riksantikvaren.

I april 2017 vart det gjennomført synfaring til Høybøen i samband med BARK-seminar arrangert av Riksantikvaren. Nyttige innspel derfrå har ført til at Fjell kommune revurderer ein skilde av dei planlagde formidlingstiltaka. Opphaveleg hadde Fjell kommune plan om å nytta ein eksisterande applikasjon som tilhøyrrer Høgskulen i Bergen. No ser Fjell kommune i større grad fordelane med å nytta YouTube, slik mellom anna Sør-Trøndelag fylkeskommune har gode erfaringar med. Grunna avvikling av sykkel VM i 2017 har Fjell kommune hatt svært avgrensa kapasitet til å arbeida med prosjektet. No som VM er ferdigstilt har kommunen tatt opp att saka og arbeidar med planlegging av fullfinansiering og gjennomføring av skjøtselsarbeidet. I 2016 fekk Fjell kommune kr 57.000,- i tilskotsmidlar frå Fylkesmannen i Hordaland til skjøtsel og rydding på Høybøen. Det vert òg arbeid vidare med skilt og formidling gjennom formidlingsfilm. Kommunen har lagt inn bestilling på fleire foto, og har bestilt ein 3d illustrasjon frå Høybøen. Denne illustrasjonen skal danna grunnlaget for ein seinare film. Fjell kommune er i dialog med grunneigarane i området i høve til lyngbrenning, og vil i 2018 arbeida vidare med tilrettelegging av turstiane i området.

### Konklusjon

Fjell kommune ber om at tilskotet tildelt gjennom Hordaland fylkeskommune, kr 20.000,-, og tilskot tildelt direkte frå Riksantikvaren gjennom BARK, kr 110.000,-, vert overført til 2018.

BARK	Tiltak	Prosjektkostnad	Tilskot	Utbetalt	Rest
2015	Tilrettelegging	361.500,-	180.000,-	0,-	180.000,-
2016				0,-	180.000,-
2017				180.000,-	0,-

**Utbetaling av heile tilskotet, kr 180.000,-. Prosjektet ferdigstilt. Sluttrapport ligg vedlagt.**

Stord kommune fekk tilsegn om kr 180.000,- i BARK-midlar i 2015. Tilskotet skulle gå til å fornya skilt i Hystadmarkjo. Dette tilskotet var ikkje tilstrekkeleg til å fornya hovudskilta, og Fylkesmannen i Hordaland har løyvd kr 140.000,- til informasjonstiltak i Hystadmarkjo. Skilt som omhandlar Hystad naturreservat er utført i mal frå Miljødirektoratet, medan skilt som omhandlar kulturminne er utarbeidd i Hordaland fylkeskommune sin skiltmal.

Skjøtselsplan er ikkje endeleg vedtatt, men etter avtale mellom Stord kommune og Hordaland fylkeskommune er det utført skjøtsel på eitt av kulturminna i området, og det er rydda mellom stien og kulturminne som er synlege herfrå. Skjøtsel er utført av Friluftsrådet Vest og Hystad Skule. Hystad Skule har adoptert ei av gravrøysene i området og gjer årleg skjøtsel på denne. Alle skiltstativa er satt opp, og gamle skilt er fjerna. Skilta om omhandlar kulturminne er ferdigstilt og montert. Rekneskapan for prosjektet er ikkje ferdigstilt då nokre av skilta som gjeld flora og fauna, samt hovudskilt, ikkje er ferdigstilt og montert. Resterande utgifter skal belastast Stord kommune. Tiltak knytt til søknaden om BARK-midlar er ferdigstilt og avslutta, og Stord kommune ber difor om utbetaling av tilskotet.

#### Oversikt Administrasjonsbidrag

2015	Stord kommune	HFK
Reise	(135t)	1959,5,-
Synfaring	59.400,-	(11t) 7700,-
Møter		(16,5t) 11550,-
Admin	(40t) 17.600,-	
<b>SUM 2015</b>	<b>77.000,-</b>	<b>21.209,5,-</b>
<b>2016</b>		
Møter, synfaring, reisetid	46.480,-	13.300,- (19tx 700 – synfaring, reise, møter)
Admin	(60t) 26.400,-	15.750 (22,5x700 Skjøtselsplan)
Skjøtsel (Friluftsrådet)	(15t) 7.500,-	
Dugnad skular	6.000,-	
Reise		1714,-
<b>SUM 2016</b>	<b>86.380,-</b>	<b>30.764</b>
<b>2017</b>		
Møter		2800,- (700x4t)
Synfaring	20.000,-	
Reise		1279,-
Admin	89.000,-	5250,- (skjøtselsplan 1dg)
Skjøtsel		8400,- (700x6tx2pers)
Layout skilt		21.000,- (7000x3stk)
Tekst		15.000,- (5000x3stk)
Amin Stord Fitjar landbrukskontor	16.500,-	

Friluftsrådet Vest, skjøtsel/ fjerne gamle skilt 2017	16.500,-	
Dugnad skular 2017	6.000,-	
SUM 2017	148.000,-	53.729,-
SUM admin		417.082,-

<b>Utgifter</b>		
Illustrasjoner Arkikon AS	22.500,-	
7 skilt frå Byrået AS	72.240,-	
Måling/montering av skilt	23.175,-	
Fundament	87.500,-	
Konsulentonorar	56.806,-	
SUM		262.221,-
Admin	417.082,-	
SUM		679.303,-

<b>Finansiering</b>		
BARK midlar	180.000,-	
Miljødirektoratet – informasjonstiltak	140.000,-	
Tilskot Stord kommune	68.500	
Administrasjonsbidrag	417.082,-	
Balanse/utestående fordringar		126.279,-
SUM	663.009,-	805.582,-

## Konklusjon

Den delen av prosjektet som er knytt til BARK-tilskotet er ferdigstilt og tilskotet utbetalt. Stord kommune har gjort greie for korleis utestående fordringar skal finansierast. Sluttrapport med bilder ligg vedlagt.

# GRAVFELT FRÅ BRONSEALDEREN

## Bronze age burial field

På knausen framfor skiltet ligg det eit gravfelt med fire gravrøyser. Disse er truleg frå bronsealderen. Tre av røysene er framleis godt synlege, medan den siste er dekkja av torv. Gravlegging i røyser var vanleg både i bronsealder (1700-500 f.Kr.) og jernalder (500 f.Kr.-1030 e.Kr.). I Hystadmarkjo er det graver frå begge periodane. På Vestlandet ligg gravrøysane frå bronsealder ofte nær fjordane eller på godt synlege stader i landskapet. Røysane har truleg og vore brukt som merke til segling eller som markering av grenser. Ei anna tolking kan vera at tilknyttinga til sjø hadde ei meir rituell tyding.

On the hill in front of this sign, there is a burial field that most likely dates to the bronze age. Three cairns are still very visible, whereas a fourth is covered by turf. In Hystadmarkjo there are cairns from both the bronze age (1700-500 B.C.) and the iron age (500 B.C.-1030 A.D.). The bronze age cairns were often placed near water, and may have been used as guides when travelling by sea. There may also be a ritual explanation. The cairns were not just piles of rocks. Many have had internal structures like walls and circles. The preservation conditions in the cairns are poor, and many graves appear to be empty as there are no remains left. One of the cairns in this burial field was reused in the migration period (400-560 A.D.). A clay urn filled with bones from a cremation burial was buried in one of the old cairns. The honour of being buried in a cairn was reserved for a chosen few. We don't know how the rest of the population was buried, but it may be that they were buried in a way that did not leave any traces that we can recognize today.

### GRAVSKIKK OG RØYSLEGGING

Bronsealderen varte frå omlag 1700 f.Kr. til 500 f.Kr. I fyrste halvdel av denne perioden bygdde dei store røysar med mura, manslange kister, medan i siste halvdel var brende graver det vanlege. Dei laga då røysar med osså kammer, der dei plasserte urner med brente bein. Det vart laga frå røysar i fyrste del av jernalderen (500 f.Kr. - 0), men i byrjinga av romartid (0-400 e.Kr.) tok denne skikken seg opp att. No vart det gravskilt stett på at bronse graver var det vanlege, og i folkevandringstid (400-560 e.Kr.) var det vanleg med både brent og ubrent gravlegging. Røysane fekk no kammer bygd av reiste høllar og store stein.

### HYSTADMARKJO I JERNALDEREN

Flere av gravrøysane i Hystadmarkjo er frå jernalderen. Her er og flere domer på at røysane frå bronsealderen vart nytta opp att i jernalder. Det vart då laga nye graver i kanten av murene av dei gamle røysane. I folkevandringstida, meir enn 1500 år etter at bronsealderen tok til, vart det halde ei ny gravferd på dette gravfeltet. Ei urne med brente bein vart sett inn i kanten av ei av dei gamle røysane.

Spannforma seramik frå folkevandringstid som var funne i ei av røysane på dette gravfeltet.

### GRAVRØYSENE

Gravene i Hystadmarkjo er bygd av stein utan jord i mellom. Steinen er likevel ikkje berre dyngt opp. Her har vore ein plan for dei mindre konstruksjonane. Røysane er svært regelmessige på form, og har ofte indre rekkjer eller murar av stein. Det kan vera ei eller flere graver i røysane. At dei berre er nytta stein gjer at det er ublioge bovaringsforhold og at lang fart rotlar vekk. Det er difor ikkje vanleg med arkeologiske funn i røysane.

Kan hende var det slik det såg ut i folkevandringstid då det vart sett inn ei urne med bein i den gamle bronsealdergrava?

### KVEN LIGG I RØYSENE?

Det er mange gravrøysar i Hystadmarkjo, men det er langt frå nok til alle som døde i området i det lange tidsrommet gravfeltet var i bruk. Ut frå gravskikk og gravrøysar tolkar ein gravlegging i røysar og haugar som markering av status. Me veit ikkje kva som skjedd med alle dei som ikkje var gravlagt i røysar. Kan hende fekk dei ei form for gravmarkering som me ikkje kan sjå spor etter i dag?

### KLEDE OG MAT

I bronsealderen hadde folk Me av vevd ullstoff og skinn. Maten kom frå det dei dyrte og sanka sjelv. Dei hadde gardar med dyr og akra, og frå bronse matkøper i tenkar viett me at dei laga graut. Bein frå sau, geit og store tyder på at kjøt var viktig, men like viktig var både ost, mjølk og blod. Ukt og fiske har truleg vore ein viktig del av matauken, men det er fyrst i jernalder at me finn store fangstølg for rein og bjørn.

Illustrasjon av korleis røysane kan ha vorte bygd.

BARK	Tiltak	Prosjektkostnad	Tilskot	Utbetalt	Rest
2016	Skjøtsel	28.000,-	12.000,-	0,-	12.000,-
2017				0,-	12.000,-
<b>Tilskotet vil verte nytta i løpet av vinteren 2017/2018. Tilskotet vert søkt overført til 2018.</b>					

Det er utarbeidd og godkjent skjøtselsplan for prosjektet, og arbeidet vert gjennomført. Trong til omfattande kontrollregistreringar av lokalisering av einskildminne har ført til meir arbeid enn venta knytt til prosjektet, men skjøtselsplan er no ferdig utarbeidd og dialog med grunneigar (ar) gjennomført på ein god måte. Det vert halde fram med beite med sau på lokaliteten, og det vil no verte gjennomført rydding jamfør BARK-tilskotet

### Konklusjon

Tilskotet vert nytta i løpet av vinteren 2017/2018.

BARK	Tiltak	Prosjektkostnad	Tilskot	Utbetalt	Rest
2016	Tilrettelegging	72.125,-	36.000,-	0,-	36.000,-
2017					36.000,-
<b>Prosjektet er planlagt gjennomført innan utgangen av 2017. Tilskotet vert søkt overført til 2018 men vert truleg utbetalt i 2017. Sluttrapport vert ettersendt.</b>					

Prosjektet omhandlar formidling av utgravne og kjende lokalitetar i Leirvik i Meland kommune, og tilskotet er overført frå 2016. Prosjektet med informasjonstavla er godt i gang. Ferdig innhald er venta i veke 46, 2017. Skiltet vert sett opp innan utgangen av 2017, og Meland kommune vil sende rekneskap og førespurnad om utbetaling av midlar innan utgangen av 2017.

Det er gjort mindre endringar i budsjettet i høve til at planlagt kjøp av illustrasjonar no vert gjort med eigeninnsats. Hordaland fylkeskommune vil avklara dette i høve til eventuell søknad om omdisponering når meir konkrete tal ligg føre.

### Konklusjon

Prosjektet vert gjennomført og tilskotet bedt utbetalt innan utgangen av 2017.

BARK	Tiltak	Prosjektkostnad	Tilskot	Utbetalt	Rest
2016	Tilrettelegging	36.000,-	18.500,-	0,-	18.500,-
2017				0,-	18.500,-

**Prosjektet er planlagt gjennomført innan utgangen av 2017/første halvdel 2018. Tilskotet vert søkt overført til 2018 men vert truleg utbetalt i 2017.**

Sveio kommune er godt i gong med prosjektet, og skilt er planlagt ferdigstilt innan utgangen av 2017. Hordaland fylkeskommune har gjennomført kontrollsynfaring av kulturminnet og lagt inn ny geometri i Askeladden. Skiltet skal vera ferdig innan utgangen av året. Når det ligg føre konkrete kostnader for produksjon av skilt vil Sveio kommune be om delutbetaling, men i tilfelle ikkje alt arbeidet er ferdigstilt i løpet av året ber kommunen om at tilskotet vert overført til 2018.

### Konklusjon

Sveio kommune er godt i gong med prosjektet, og det er gjort tiltak for å oppdatera Askeladden i høve til kulturminnet. Prosjektet vert gjennomført i løpet av kort tid, og Hordaland fylkeskommune tilrår at tilskotet vert overført til 2018 dersom kommunen ikkje kan be om utbetaling av tilskotet innan utgangen av året.

BARK	Tiltak	Prosjektkostnad	Tilskot	Utbetalt	Rest
2016	Tilrettelegging	38.000,-	19.000,-	0,-	19.000,-
2017				0,-	19.000,-

**Prosjektet er planlagt gjennomført innan utgangen av 2017/første halvdel 2018. Tilskotet vert søkt overført til 2018 men vert truleg utbetalt i 2017.**

Sveio kommune har fått utarbeidd illustrasjon, og Hordaland fylkeskommune er i ferd med å gjera layout på skiltet. Prosjektet er godt i gong, og skiltet er planlagt ferdig innan utgangen av 2017. Hordaland fylkeskommune har gjennomført kontrollsynfaring av kulturminna i området, og den tidlegare uavklarte bautasteinlokaliteten ID 215306 er no registrert som automatisk freda gravrøys. Når det ligg føre konkrete kostnader for produksjon av skilt vil Sveio kommune be om delutbetaling, men i tilfelle ikkje alt arbeidet er ferdigstilt i løpet av året ber kommunen om at tilskotet vert overført til 2018.

### Konklusjon

Sveio kommune er godt i gong med prosjektet, og det er gjort tiltak for å kontrollera kulturminna og oppdatera Askeladden. Prosjektet vert gjennomført i løpet av kort tid, og Hordaland fylkeskommune tilrår at tilskotet vert overført til 2018 dersom kommunen ikkje kan be om utbetaling av tilskotet innan utgangen av året.

BARK	Tiltak	Prosjektkostnad	Tilskot	Utbetalt	Rest
2016	Tilrettelegging	750.000,-	350.000,-	0,-	350.000,-
2017	Omdisp. tilrettelegging	690.000,- eks mva	350.000,- 15.000,-	0,-	15.000,-
<b>Søknad om omdisponering 2017 ikkje godkjent. Tilskot avkorta til kr 15.000,-. Tilskotet vert søkt overført til 2018.</b>					

Fleire element i prosjektet som skulle gje universell tilkomst til kulturminnet «Håkonshaugen» let seg ikkje gjennomføra på grunn av praktiske omsyn på staden. Eigedomsgrensar og omsynet til gardsdrift i området gjorde at fleire av tiltaka ikkje kunne gjennomførast. Lindås kommune fekk difor utarbeidd ein søknad om omdisponering. Riksantikvaren gav i brev av 29.9.2017 avslag på søknad om omdisponering. Tilskotet vart avkorta til kr 15.000,- som skal gå til informasjonstavler.

Grunna store endringar i budsjett og prosjektskildring og lang sakshandsamingstid på søknad om omdisponering av midlar er det ikkje gjennomført tiltak i prosjektet i 2017. Lindås kommune vil ynskjer framleis å setje opp informasjonstavler og vil sjå på korleis det er teneleg å gå vidare med dette. Hordaland fylkeskommune vil følgja opp prosjektet.

### Konklusjon

Tilskotet vert søkt overført til 2018.



BARK	Tiltak	Prosjektkostnad	Tilskot	Utbetalt	Rest
2017	Formidlingstiltak	157.000,-	79.000,-	79.000,-	0,-
<b>Utbetaling av kr 79.000,-. Rest av eigeninnsats vert gjennomført i løpet av 2017.</b>					

Bømlo kommune har gjennomført dei fleste av tiltaka i søknaden. Det er kjøpt inn klassesett med replika til bruk i den kulturelle skulesekken. Det er kjøpt inn bogar med utstyr, og det er starta opp eit digitalt formidlingsprosjekt via mobil app.

Bømlo kommune har gjort mindre endringar i budsjettet. I søknaden var kostnader budsjettet med mva. Ved rapportering er alle summar gjort utan mva, og er følgeleg noko lågare enn budsjettet. Bømlo kommune har gjort godt greie for kostnader i prosjektet, jamfør vedlagt rapport.

<b>Rekneskap</b>	
Konsulenttenester	30.000,-
«Steinalderkasse» med div innhald	30.000,-
Bogar inkl. pilar og sikringsutstyr	25.000,-
Adm utgifter knytt til DKS	15.000,-
Medarrangør steinriket Bømlo	12.000,-
Båt til Hespriholmen	10.000,-
Møter med Moster Amfi/bygdatunet	5000,-
Vertskap Steinriket	10.000,-
Adm. Utgifter knytt til fysisk tilrettelegging og rapportering	15.000,-
Utviklingsarbeid knytt til digital formidling	10.000,-
Utestående arbeid knytt til digital formidling som vert gjennomført som eigeninnsats i løpet av 2017	9750,-
<b>SUM formidling</b>	<b>158.000,-</b>

<b>Finansiering</b>	
BARK	79.000,-
Kommunal eigenandel	79.000,-
<b>SUM</b>	<b>158.000,-</b>

### Konklusjon

Prosjektet er nesten ferdig og tilskotet vert utbetalt. Bømlo kommune har gjort mindre endringar i budsjettet grunna at budsjettet som låg til grunn for søknaden var inkludert mva. Då endringane er mindre er det ikkje søkt omdisponering, men midla er nytta til prosjektet. Kommunal eigeninnsats er ikkje ferdigstilt, jamfør tabell, men det er snakk om mindre arbeid som vert slutført i 2017. Sluttrapport er vedlagt.

BARK	Tiltak	Prosjektkostnad	Tilskot	Utbetalt	Rest
2017	Skilt , skjøtselsplan	50.000,-	24.000,-	0,-	24.000,-
<b>Tilskotet vert søkt vidareført til 2018.</b>					

Prosjektet er sett i gong, og skiltstativet er satt opp ved den universelt utforma turstien som passerer tufta. Stord kommune har inngått avtale med Hystad Skule om vedlikehald av skjøtsel av kulturminnet, og skulen nyttar staden i samband med undervisning. Hordaland fylkeskommune har tatt til med å utarbeida skjøtselsplan for kulturminnet. Arbeidet med skilt er starta opp men skilttavla er ikkje ferdigstilt. Stord kommune søker tilskotet overført til 2018.

### **Konklusjon**

Prosjektet er starta opp. Tilskotet vert søkt overført til 2018.

BARK	Tiltak	Prosjektkostnad	Tilskot	Utbetalt	Rest
2017	Forprosjekt	530.000,-	200.000,-	0,-	200.000,-
<b>Tilskotet vert søkt vidareført til 2018.</b>					

Prosjektet er starta opp og arbeidet er godt i gong. Det er laga ein omarbeidd prosjektplan jamfør vilkår i tildelinga, og denne er vedlagt. Revidert budsjett for prosjektet er kr 530.000,-. BARK-tilskotet er i hovudsak nytta til løn til prosjektmedarbeidar for arbeid i felt. Dette inkluderer mellom anna rydding og merking av stiar til kulturminna, med meir. I tillegg har Sund kommune hatt to arkeologistudentar som har arbeidd med formidlingsdelen av prosjektet. Prosjektmedarbeidar for arbeidet i felt har kontrakt ut 2017, og Sund kommune vil rapportera for BARK-tilskotet tildelt 2017 i januar 2018. Då vil fase 1 i prosjektet vera ferdig, og det vil liggja føre rekneskap for heile 2017.

### Konklusjon

Prosjektet er nesten ferdig, og vert ferdigstilt januar 2018. Tilskotet vert søkt overført til 2018.

BARK	Tiltak	Prosjektkostnad	Tilskot	Utbetalt	Rest
2014	Tilrettelegging		25.000,-	0,-	25.000,-
<b>Tilskotet vert søkt vidareført til 2018</b>					

Det er inngått avtale med Bergen kommune, Byantikvaren om samarbeid om prosjektet. Bergen kommune v/ Byantikvaren og Hordaland fylkeskommune har gjennomført ei synfaring i området og det er gjort avtale om plassering av skilt. Det vert no arbeid med å avklara kven som kan vera aktuelle samarbeidspartnarar for vidare skjøtsel av området, og det er gjort innleiande arbeid for å undersøka kva informasjon som bør inkluderas i eit skilt. Det vert no arbeid med å avklara kva type skiltstativ som kan vera best eigna til prosjektet, og innhenting av kostnadsoverslag for dette. Prosjektet vert ferdigstilt i løpet av vinter/vår 2018.

BARK	Tiltak	Prosjektkostnad	Tilskot	Utbetalt	Rest
2013	Tilrettelegging		25.000,-	0,-	25.000,-
<b>Tilskotet vert søkt vidareført til 2018</b>					

Prosjektet er ikkje gjennomført, men dialogen med Askøy kommune er etablert og prosjektet er ynskt gjennomført av kommunen.

BARK	Tiltak	Prosjektkostnad	Tilskot	Utbetalt	Rest
2013	Tilrettelegging		25.000,-	0,-	25.000,-
<b>Tilskotet vert søkt vidareført til 2018</b>					

Grunna planprosess for Rv 555 Sotrasambandet har dette prosjektet vorte avvenda. No er det avklart at prosjektet ikkje vil koma i konflikt med kulturminna, og det er etablert kontakt med Kolltveit skule for gjennomføring av prosjektet. Kolltveit skule ynskjer at Fjell kommune skal vera ein aktiv part i arbeidet, og dette er avklart med Fjell kommune. Grunna stort arbeidspress ved kommunen i samband med sykkel VM har det ikkje vore høve til å gjennomføra møte i saka, men arbeidet med prosjektet vil ta til i løpet av hausten 2017.

## Oppsummering

BARK	Prosjekt	ID	Tilskot	Utbetalt 2017	Rest	Søknad om videreføring av midlar til 2018	Merknad
2013	Kongshaugen	91779	25.000,-	0,-	25.000,-	JA	
2013	Kolltveit	127360 m.fl	25.000,-	0,-	25.000,-	JA	Det er etablert dialog med Fjell kommune og Kolltveit skule. Prosjektet er venta ferdigstilt
2014	Ruskenes-hellaren	25782	25.000,-	0,-	25.000,-	JA	Prosjektet er igangsatt, og er venta ferdigstilt fyrste halvdel 2018
2015	Fosnstraumen	Fleire ID-nr	110.000,-	51.266,90,-	58.733,1,-	JA	Forskot
2015	Hæreidsmoen	110228	150.000,-	98.564,-	28.336,-	JA	Utførleg rapport ligg vedlagt.
2015	Hystadmarkjo	35508 m.fl	180.000,-	180.000,-	0,-	-	Sluttrapport ligg vedlagt
2016	Håkonshaugen	66400	350.000,- 15.000,- (avkorta pga endring i prosjektplan)	0,-	15.000,-	JA	Søknad om omdisp.2017 avvist. Avkorting i tilskot. Kr 15.000,- til formidling framleis gyldig som tilskot.
2016	Årbakka	35534	12.000,-	0,-	12.000,-	JA	
2016	Leirvik	108033 m.fl	36.000,-	0,-	36.000,-	JA	Prosjektet vert ferdigstilt innan utgangen av 2017.
2016	Vindenes II	64065 m.fl	20.000,-	0,-	20.000,-	JA	
2016	Børshovda	106039	18.500,-	0,-	18.500,-	JA	Prosjektet vert ferdigstilt innan utgangen av 2017. Rapport vert ettersendt.
2016	Istertveit	106073	19.000,-	0,-	19.000,-	JA	Prosjektet vert ferdigstilt innan utgangen av 2017. Rapport vert ettersendt.
2017	Sokkamyro	66745	79.000,-	79.000,-	0,-	-	9.750,- er forskot.
2017	Gildeskålbakken	60597	24.000,-	0,-	24.000,-	JA	
2017	Kvalvågen	97070 m.fl	200.000,-	0,-	200.000,-	JA	Prosjektet er venta ferdigstilt i løpet av januar/februar 2018
2017	Vindenes RA	64065	110.000,-	0,-	110.000,-	JA	
<b>SUM utbetalt 2017</b>				<b>408.830,9,-</b>	<b>(derav 9.750,- i forskot)</b>		